Det har ei tid pågått førebuaende arbeid med sikte på å få etablert ein ny basestasjon for brannvernet på Gjertneset. I denne samanheng er det mellom anna ført samtalar/forhandlingar med grunneigar om kjøp av grunn i det aktuelle området. Anlegget vil samstundes også verte driftsbasis for anleggs- og driftsavdelinga og eigedomsavdelinga. Det er førebels ikkje sett i gang noko konkret reguleringsplanarbeid i området og ein avventar inntil vidare nærare føringar frå dei involverte partane med omsyn til klarlegging av rammer for det foreståande planarbeidet. Det har såleis ikkje vore arbeidd med denne saka sidan forrige rapportering.

Planident	201307
Plannamn	FV 18 Leine – Remøyholm (reguleringsendring)
Tiltakshaver	Herøy kommune
Privat/Offentleg	Offentleg
Konsulent	
Digital informasjon er lagra her:	

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming			
Areal			

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	
Beløp	

Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:	06.01.2014
---------------------------	-------------------

Planstatus:

Kommunestyret vedtok i møte den 25.02.2010 (K-sak 24/10) reguleringsplan for FV 18 Leine – Remøyholm. Godkjenningsvedtaket vart påklaga av 2 grunneigarar. Etter ein forhandlingsrunde aksepterte grunneigarane å trekke klagen under føresetnad av at kommunen tok initiativ til ei ny vurdering av veglina forbi dei aktuelle eigedomane.

Kommunestyret gjorde på dette grunnlag og i møte den 31.01.2013 (K-sak 5/13) eit vedtak der dei forplikta seg til i løpet av 2013 å starte arbeidet med ei justering/ endring av reguleringsplanen på strekninga frå Voldsundneset og i retning Remøya.

Vegvesenet sine opplysningar om restlevetida for Remøybrua har imidlertid skapt behov for ei avklaring som også vil kunne få konsekvensar for dette reguleringsplanarbeidet. Slik avklaring ligg enno ikkje føre. Partane i den tidlegare trekte klagesaka er informerte om at oppstart av arbeidet med reguleringsendringa vert utsett i påvente av ovannemnde avklaring.

Planident	-
Plannamn	Reguleringsplan nye gang- og sykkelveggar
Tiltakshaver	Herøy kommune
Privat/Offentleg	Offentlege planar
Konsulent	-
Digital informasjon er lagra her:	-

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming		Nei	
Areal		Nei	

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	?
Beløp	?

Plandialog						
Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:	06.1.2014
---------------------------	------------------

Planstatus:

Formannskapet har gjennom planprioritering for 2013 vedteke at Utviklingsavdelinga skal starte planarbeid med "Gangvegpakke 2013", dette vil bli vere offentlege reguleringsplanar som skal danne grunnlaget for seinare utbygging på følgjande strekningar:

Status:

- Sandvika – Stokksundkrysset (Varsla oppstart og gjennomført ope møte)
- Nykrem – Djupvik (Varsla oppstart og gjennomført ope møte)
- Frøystad – Torvik (Varsla oppstart og gjennomført ope møte)
- Moltustranda FV10 (Varsla oppstart og gjennomført ope møte)

Arbeid framover vil vere å utarbeide forslag til reguleringsplanar for offentlig ettersyn.

- Undergong Koppen FV654 (Planforslag har vore til offentlig ettersyn)

Sakshandsamar har ikkje hatt kapasitet til å følgje opp desse planane etter varsel om oppstart og offentlig ettersyn.

Planident	201401
Plannamn	Tovågen Reguleringsendring
Tiltakshaver	Herøy kommune
Privat/Offentleg	Privat plan
Konsulent	Ag Plan og Arkitektur AS
Digital informasjon er lagra her:	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\Tovågen 13-1379\GIS

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming		Nei	
Areal		Nei	

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	?
Beløp	?

Plandialog

Oppstart	Høring	1g. behandling	Høring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	--------	----------------	--------	----------------	------------	----------

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	----------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

Rapporteringsdato:

06.1.2014

Planstatus:

AG Plan og Arkitektur AS har på vegne av BT Utbygging AS søkt om reguleringsendring for Tovågen bustadfelt. Endringa er sendt på høring til grunneigarar, naboar og uttaleinstansar. Frist for å kome med uttale er sett til 20.1.2014.



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/514
		Arkiv:	230

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/14	Komite for næring, kultur og idrett	10.02.2014

SØKNAD OM RDA- MIDLAR. FOSNAVÅG KONSERTHUS AS.

Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 2.500.000 til Fosnavåg Konserthus. Søknaden gjeld finansiering av tekniske løysningar knyttet til akustikk, lyd, lys, scene og bilde.
(ref. mål 1.c, 2.a. og 3.a i handlingsplanen).

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan jerast deutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2014. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til RDA- midlane.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakar må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

Særutskrift:

- Fosnavåg Konserthus AS v/Fredrik Remøy, Rem Maritime AS, PB 143, 6099 Fosnavåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- Søknad.

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum har i møte 9. 12.2013 kome med slik innstilling i saka:

«Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 2.500.000 til Fosnavåg Konserthus. Søknaden gjeld finansiering av tekniske løsninger knyttet til akustikk, lyd, lys, scene og bilde.

(ref. mål 1.c, 2.a. og 3.a i handlingsplanen).»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 30.01.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Søknadsskjema om RDA midlar

Informasjon om søker			
Namn	Fredrik Remøy		
Firmanamn	Fosnavåg Konserthus AS		
Forretningsadresse	Rem Maritime AS, PB 143, 6099 Fosnavåg		
Organisasjonsnummer			
Telefon:	Mobil:97087997	E-post:fredrik.remoy@rem-maritime.no	
Informasjon om prosjekt			
Namn:	Fosnavåg Konserthus AS	Reg. nr. 2013/514	Saksbeh. OJK
Total kostnad/budsjett:	81,500,000	21 OKT. 2013	
Tilskotssum:	4,000,000		
Tidsrom for prosjektet:	Mars 2012 – September 2014	Ark. kode S	230
Tilskotet skal nyttast til:	Investering	J. nr.	Dok. nr. 27
Anna: For investering i auka teknisk kvalitet Fosnavåg Konserthus			
Har du fått anna offentlig støtte i dei siste tre åra?	JA	Beløp:15 000 000	
<p>Prosjektomtale (jfr KRD retningslinjer vedlegg 2: krav til innhaldet i og forma på søknaden og saksbehandling)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Presise og realistiske mål/effektar <p>Etter å ha henta inn tilbud frå leverandørar av SLLB (scene, lyd lys og bilde), viser det seg at tekniske løysningar knyttet til akustikk, lyd, lys, scene og bilde blir dyrere enn tidlegare budsjetter. Dette er et resultat av en valgprosess der arbeidsgruppen i Fosnavåg Konserthus, sammen med innleid kompetanse i Kulturhusplan v/Rune Håndlykken og Brekke og Strand v/Magne Skålevik, har økt fokuset på kvalitet i leveransen. Derfor har det totale budsjettet til inventar økt fra 14MNOK til 24MNOK. CA 2MNOK av dette dekkes gjennom økte sponsorbidrag, CA 4MNOK forventes å kunne dekkes av et potensielt låneopptak, og 4MNOK bes dekt gjennom bidrag av RDA-midler. «Salg» av seter i Fosnavåg Konserthus vil også forhåpentligvis bidra med noe kapital til dette.</p> <p>Fosnavåg Konserthus skal være en arena for musikk- og kulturinteresserte i Fosnavåg og regionalt på Sunnmøre. Vi ønsker å skape et helhetlig kvalitetstilbud for både unge lovende artister og å være en arena for de store musikkanledningene som samler menneskemengder. Vi ønsker at konsertsalen skal være av ypperste standard, noe som vil bidra til at både nasjonale og internasjonale artister vil se på dette som en potensiell arena. Samtidig skal både konsertsalen og kinosalen i Fosnavåg være en arena som knytter familier sammen, gjerne gjennom opptredener fra barn og ungdom i musikkskoler, revyer, UKM og andre arenaer. Konsertsalen skal være utformet med ca 500 sitteplasser og et skyvbart amfi og justerbart podium (for ulike høydeposisjoner av blant annet kor). Kinosalen har kapasitet til 98 personer og vil kunne brukes til konferanseformål i tillegg til å være en spesialisert sal for kinofremvisning.</p> <p>Fosnavåg Konserthus vil også ha alle fasiliteter nødvendig for arrangementer, næringslivskonferanser, seminarer og fungere som en arena for lokalt og regionalt næringsliv, i samarbeid med det nye hotellet i Fosnavåg og det planlagte simulatorsenteret.</p>			

Effekter:

1. Allmenntilgjengelig – Kulturelt midtpunkt i sentrum av Fosnavåg, naturlig møtested for både lokalbefolkning og besøkende
2. Næringseffekt – Arena for både store og små arrangementer, konferanser, seminarer, både for næringsliv og politisk liv
3. Sosioøkonomisk effekt – økt aktivitet gjennom flere overnattingsdøgn på hotell, skaper et grunnlag for økt tilbud og etterspørsel, og stimulerer da til vekst for Herøy. Auka handel og eit levande og attraktivt miljø på dag- og kveldstid både kvardagar og helger.

Fosnavåg Konserthus AS er et aksjeselskap, der mange bidragsyttere deltar, enten gjennom aksjeeierskap eller sponsormidler/gavemidler. Hvordan den endelige fordelingen aksjonær/sponsor/gavemidler vil være er ennå ikke klarlagt, da det fortsatt arbeides med innsamling av kapital, og i et så kostnadsintensivt prosjekt er mye avhengig av hvor mye kapital som kan reises.

Det er til nå reist i overkant av MNOK74, utenom potensielt låneopptak, og den totale kostnadsrammen er budsjettert til rundt MNOK81, avhengig av hvilket kvalitetsnivå man skal legge seg på mht tekniske installasjoner og interiør.

Fosnavåg Konserthus vil legge seg på et høyt investeringsnivå, som gir ønsket kvalitet og vil definere Fosnavåg Konserthus som det foretrukne konserthuset i regionen blant artister. Vi ønsker at den nye kinosalen skal bli Norges mest moderne kinosal, og at konsertsalen vil inneha tekniske nyvinninger som både gir økt publikumsopplevelse og lavere driftskostnader enn andre flerbrukssaler i Norge.

Mange selskaper deltar med større og mindre beløp, og vi ønsker også å oppfordre privatpersoner til å bli med, gjennom for eksempel å symbolsk «kjøpe» en stol hver.

Søkeren kan dermed sies å være et tverrsnitt av både bedrifter og privatpersoner i Herøy Kommune, som engasjerer seg i utviklingen av lokalsamfunnet vårt. Vi er av den oppfatning at for å bevare et lokalsamfunn må kulturelle tilbud være til stede, og dess bedre tilrettelagt slike tilbud er, dess mer attraktivt vil det bli å bosette seg i området.

Fosnavåg Konserthus AS er et ikke-kommersielt selskap, og alle driftskostnader dekkes av leietagere (Herøy Kommune og Fosnavåg Vekst) i 2 separate leieavtaler. Alt overskudd skal gå til kulturelle formål.

Herøy Kommune har innsynsrett i selskapet.

- Realistisk prosjektplan med milepælar

Fosnavåg Konserthus AS er avhengig av utviklingen i utbygging av hotell. Veidekke er entrepenør og ferdigstillelse av hotell og konsertsal har tidligere blitt estimert til september 2014. Kostnader relatert til utbygging av konserthus vil bli fakturert fortløpende i takt med utbygging.

- Kostnadsoverslag og finansieringsplan med marginar for eventuelle usikre moment

Kostnadsoverslag

Total Byggekostnad	57 000 000
Total investeringskostnad	24 500 000
Sum prosjekt	81 500 000.- eks.mva

Finansiering

1. AKSJEKAPITAL	15 151 000.-
2. Tilskudd (RDA)	39 000 000.-
3. Spelemidler	2 000 000.-
3. Sponsorinntekter	17 024 000.-
4. Gaver	4 850 000.-
<u>4. Langsiktig lånefinansiering</u>	<u>3 500 000.-</u>
Sum finansiering	81 525 000.-

<p>(Eventuelt detaljert dokumentasjon vert vedlagt.)</p> <p>Vedlegg: Presentasjon av hotell og konserthus</p> <p>Stad/Dato: Fosnavaag, 24.09.2013</p> <p>Signatur:</p>	
Vurderingar(vert fylt ut av administrasjonen)	
Bedriftsretta tiltak: <input type="checkbox"/>	Generell tilretteleggande tiltak: <input type="checkbox"/>
Godkjent med grunngjeving:	
Avslag med grunngjeving:	
Stad/Dato	
Signatur	

Rettleling

Føremålet med søknadsskjemaet er effektiv og korrekt saksbehandling for RDA-midler ihht regelverket,

- Reglementet for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten,
- KRD retningslinjer kapittel 551, post 60 og 61,
- M&R fylkeskommune sine retningslinjer for næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/514
		Arkiv:	230

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/14	Komite for næring, kultur og idrett	10.02.2014

SØKNAD OM RDA- MIDLAR. UTEOMRÅDET FOSNAVÅG SENTRUM.

Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 5.500.000 til opparbeiding av offentleg uteområde ved Fosnavåg Konserthus, Thon Hotell Fosnavåg og Fosnavåg simulatorsenter. Søknaden er et samarbeid fra Fosnavåg Vekst, Fosnavåg konserthus og Fosnavåg simulatorsenter. (ref. mål 1.c, 2.a. og 3.a i handlingsplanen).

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan jerast deutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2014. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til RDA- midlane.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakar må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

Særutskrift:

- Fosnavåg Vekst v/Olav Arntsen
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- Søknad med vedlegg.

Saksopplysninger:

Styre i Herøy Næringsforum har i møte 09.12.14 kome med slik innstilling i saka:

«Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 5.500.000 til opparbeiding av offentleg uteområde ved Fosnavåg Konserthus, Thon Hotell Fosnavåg og Fosnavåg simulatorsenter. Søknaden er et samarbeid fra Fosnavåg Vekst, Fosnavåg konserthus og Fosnavåg simulatorsenter. (ref. mål 1.c, 2.a. og 3.a i handlingsplanen)».

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i saka i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen.

Konsekvensar for drift:
Ingen.

Fosnavåg, 30.01.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Til Herøy kommune

v. assisterende rådmann Olaus Jon Kopperstad.

Finansiering av det offentlige uteområdet i Øvre Fosnavåg.

Fosnavåg Vekst har i tett samarbeid med Herøy kommune og Møre og Romsdal fylke fått utarbeidd ei utbyggingsavtale og plan for det offentlige uteområdet rundt kino, konserthus, hotell og simulatorbygget.

Det offentlige uteområdet er delt i to hoved deler.

Den nedre delen er ei hamnepromenade som strekker seg vestover frå kinosalen forbi konserthuset, hotellet og langs simulatorbygget. Promenaden blir i vestre ende bunden saman med Almeningskaia og er planlagt slik at den i indre ende kan fortsette vidare innover i Vågen. Hensikta er at ein kan få ei samanhengande promenade som strekkjer seg heilt frå Vågsplassen, Holmsild, Fosnavåg Brygge, Almeningskaia og forbi simulator, hotell og konserthus.

Den øvre delen ligg frå hotell- og konserthus inngangen og vestover i det alt vesentlige på taket over simulator anlegget. Dette området vender seg til hotellet sine gjestar og mot folk som vil delta i kulturformål i konsertsal og kino. Området vender seg også mot folk som bur, arbeider eller ferdast i øvre Fosnavåg.

Hotellet har eigen terrasse. Denne vender seg spesielt mot hotellet sine gjestar. Denne terrassen kjem i tillegg til den offentlege delen som er beskrive over.

Mellom dei to områda er ei samanbindande passasje som har arbeidstittel Sentrums passasje. Denne går frå kainivå, mellom simulator bygget og Fosnagard til det øvre nivået som beskrive over. Den er tilpassa gåande og rørslehemma ettersom der er innlagt heis for rørslehemma slik at dei ikkje treng gå i trapper.

Der er utarbeidd ei utbyggings avtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Vekst as for tiltaket der det er forutsett at kostnadane skal delast med ein tredel til M&R fylke, Herøy kommune og Utbygger. Fosnavåg Vekst har skilt frå grunn for hamnepromenaden.

Der er utarbeida tegningar, planer og spesifikasjonar for tiltaket i tett samarbeid med administrasjonen i Herøy kommune slik at dei offentlige interessene er ivaretekne. I prosessen med administrasjonen i Herøy Kommune og M&R fylket har kvalitetane vorte vesentlig lyfta og dermed er totalkostnadane sannsynlegvis blitt monaleg auka i høve til det som var det opprinnelege budsettet.

Frå Fylket er der i den seinare tid kome signal at dei har begrensa midlar og at dei ikkje kan/vil ta sin tredel av totalkostnadane, men kun ein tredel av «pynten på toppen av konstruksjonane»

På denne bakgrunn ber vi om at Herøy kommune gjer tiltak overfor Næringsforum og eventuelt i kommunas budsjett slik at dei nødvendige midlane kan bli tilgjengelig for ferdigstilling av dei offentlige områda.


Veidekke Entreprenør vil kome med endeleg pris for heile tiltaket i midten av November.

Fosnavåg 31/10 - 2013


For Fosnavåg Vekst AS

Olav Arntsen

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Olav Arntsen', with a long horizontal flourish extending to the right.



0 10 20 30
 FORELØPIG TEGNING - ANBUD
 NO
 FOSNAVÅG VEST
 FOSNAVÅG HOTELL
 LANDSKAPSPLAN - OVERSIKTSPLAN
 SMEDS
 VIG
 1:2500 A1=1200 35 / 40 A5 15.08.2013 0



NOTAT

Til:

Komiteen for Næring, kultur og idrett
Komiteen for helse og omsorg
Komiteen for oppvekst

Frå: Arbeidsgruppa for UngData-undersøkinga

Saksnr
2013/1390

Arkivkode
C10

Dato
22.11.2013

ORIENTERING OM UNG-DATA-UNDERSØKING I HERØY

Herøy kommune har lagt planar for å gjere ei UngData-undersøking til liks med dei andre kommunane i regionen som alle har gjennomført den no siste halvåret, sett bort frå Ørsta og Volda som køyrde den i vår -13. Dei første kommunane som gjorde undersøkinga har også fått sine resultat presentert.

Folkehelsekoordinatoren har fått i oppdrag frå rådmannen å koordinere undersøkinga.

Undersøkinga er planlagt å gjennomføre i ungdomsskulen 8, 9, og 10. klasse og i 1. året på vidaregåande skule (ein vil vurdere å ta med heile Hvgs)og er tenkt gjennomført i veke 6 – 7, måndag 03. februar – torsdag 13. februar.

Skulane har fått tilsendt nødvendig førehandsinformasjon. Meir informasjon til skulane vil verte sendt ut når dato for undersøkinga nærmar seg. Også informasjon til foreldra / føresette vil verte sendt ut etter kvart.

For å forankre undersøkinga politisk, er det foreslått å dele ut informasjon til komiteane for Oppvekst, Helse og omsorg og Næring, kultur og idrett.

Etter at undersøkinga er gjennomført og resultatata ligg føre, er Erlend Thorup frå Korus Midt-Norge invitert til å kome hit til Herøy og vere med på presentasjonen.

Vi planlegg først å invitere administrasjonen for aktuelle fagavdelingar, rektorar og ungdomsrådet til gjennomgang og drøfting av resultatata.

Deretter vil det verte ei samling for ordføraren, komiteane og event. andre politikarar.

Vidare oppfølging må ein kome attende til etter ei nærare drøfting. Leiar for helseavdelinga, leiar for skuleavdelinga, leiar for NAV, rektor for Herøy vidaregåande skule og folkehelsekoordinator skal legge ein plan for dette.

Med helsing

Andreas Kvalsund
Folkehelsekoordinator

Vedlegg: Brosjyre og Presentasjon av Ung-data-undersøkinga



ungdata

Kommunale ungdomsundersøkingar

Kunnskap om ungdom lokalt

Ungdata gjev kunnskap om lokal oppvekst, mellom anna folkehelsa i ungdomsbefolkninga og faktorar som kan verke på ho. Kunnskapen gjev eit godt grunnlag for kommunalt plan- og utviklingsarbeid knytt til folkehelsa og førebyggjande arbeid overfor unge.

Kommuner skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne (Folkehelseloven § 5).

Standardisert spørjeskjema – lokal tilpassing

Ungdata inneheld obligatoriske, valfrie og eigenkomponerte spørsmål. Dette gjer det mogleg å samanlikne kommunar (fylkeskommunar), samstundes som det opnar for lokal tilpassing. Tema omfattar skule, familie, vener og fritidsaktivitetar i tillegg til spørsmål om helse, rus, kriminalitet og syn på framtida.

Elektronisk gjennomføring i regi av skulane

Det er Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og dei regionale kompetansesentra for rusfeltet (KoRus) som har det faglege ansvaret for undersøkingane, medan kommunen (fylkeskommunen) står for den praktiske gjennomføringa. Elevane svarar på den elektroniske undersøkinga på skulane, i skuletida, ved at dei loggar seg inn via ei nettside.

Rask tilgang til resultat

Kommunar (fylkeskommunar) som har gjennomført ei Ungdata-undersøking, får tilsendt PowerPoint-rapportar med resultat frå undersøkingane. Rapportane inneheld:

- svarfordeling
- svar fordelt på kjønn
- svar fordelt på klassetrinn/skule
- nøkkeltal der lokale data blir samanlikna med nasjonale tal

Kostnadsfri standardløyising

Å gjennomføre ei Ungdata-undersøking er gratis for kommunen (fylkeskommunen). Den kostnadsfrie standardløyisinga omfattar:

- hjelp til å setje saman spørjeskjema
- tilgong til den elektroniske undersøkinga
- rettleiing i praktisk gjennomføring på skulane
- kvalitetssikring og lagring av data
- standardrapportar med resultat frå undersøkinga

Kommunen (fylkeskommunen) kan etter avtale engasjere NOVA eller andre aktørar til vidare analyse og rapportskriving.



KoRus-Nord

Kompetansesenter rus, Nord-Norge
Rus og spesialpsykiatrisk klinikk, UNN



Kompetansesenter rus - region sør

Borgestadklinikken - Blå Kors Sør



**ROGALAND
A-SENTER**

Korus Vest
Stavanger



Stiftelsen

BERGENSKLINIKKENE

Kontaktinformasjon Ungdata

E-post: post@ungdata.no, www.ungdata.no

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)

Tlf: 22 54 12 00, www.nova.no

Dei nasjonale kompetansesentra for rusfeltet

Kompetansesenter rus – region Oslo

(tilknyttet Oslo kommune, Velferdsetaten)

Område: Oslo

Tlf: 02 180

www.velferdsetaten.oslo.kommune.no

Kompetansesenter rus – region Øst

(tilknyttet Sykehuset Innlandet HF)

Område: Akershus, Østfold, Hedmark,

Oppland

Tlf: 62 58 15 68, www.rus-ost.no

Kompetansesenter rus – region Vest Bergen

(tilknyttet Stiftelsen Bergensklinikkene)

Område: Hordaland, Sogn og Fjordane, Bergen

Tlf: 55 90 86 00, www.bergensklinikkene.no

Kompetansesenter rus – region Vest Stavanger

(tilknyttet Rogaland A-senter)

Område: Rogaland

Tlf: 51 72 90 00, www.rogaland-asenter.no

Kompetansesenter rus – region Nord

(tilknyttet Universitetssykehuset i Nord-Norge, Rus og spesialpsykiatrisk klinikk)

Område: Nordland, Troms, Finnmark

Tlf: 76 96 65 00, www.korusnord.no

Kompetansesenter rus – region Sør

(tilknyttet Borgestadklinikken)

Område: Telemark, Buskerud, Vestfold, Agderfylka

Tlf: 35 90 47 00, www.borgestadklinikken.no

Kompetansesenter rus – region Midt-Norge

(tilknyttet Rusbehandling midt-Norge HF)

Område: Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag

Tlf: 73 86 29 00 (hovudkontor Trondheim), www.rus-midt.no/ko-

Ungdata-undersøking i Herøy i 2014

Kort presentasjon av prosjektet

På oppdrag frå Herøy kommune gjennomfører NOVA (Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring) og Kompetansesenter rus – region Midt-Norge (KoRus Midt-Norge) ei kartlegging av viktige sider ved livsstilen og levekåra til ungdom. Undersøkinga omfattar elevar på ungdomsskulen og vidaregåande skule i kommunen og går føre seg ved at ungdomane svarer på eit anonymt spørjeskjema via Internett. Undersøkinga går føre seg i veke 6 - 7: måndag 3. februar – torsdag 13. februar, og det tek om lag éin time å svare på alle spørsmåla. Ungdomane vel sjølve om dei vil vere med på undersøkinga.

Kartlegginga vert gjennomført som ei Ungdata-undersøking. Dette er eit spørjeskjemaopplegg som norske kommunar bruker for å skaffe seg oversikt over kvardagslivet til og folkehelse-situasjonen blant ungdom i kommunen (www.ungdata.no). Tilsvarande undersøkingar vert gjennomførte ei rekke stadar i landet.

Formålet med undersøkinga

Hensikta med undersøkinga er å få meir kunnskap om korleis det er å vere tenåring i Herøy. Resultata skal verte brukte som grunnlag for ungdomspolitikken i åra som kjem, og til å vurdere satsingsområde i det førebyggjande ungdomsarbeidet. Målet er å skaffe til vegar informasjon som kan verte brukt til å betre oppvekstmiljøet i kommunen.

Datamaterialet vil seinare verte lagt inn i ein nasjonal database, saman med data frå tilsvarande ungdomsundersøkingar som er gjennomførte i andre kommunar. Data frå undersøkinga vil også kunne verte brukte i forskings- og utviklingsprosjekt der målet er å få ny kunnskap om oppvekstvilkåra til ungdom.

Undersøkinga omfattar spørsmål om kva ungdom gjer på fritida, og kva slags oppfatningar dei har om seg sjølve og andre. Undersøkinga vil gje svar på mange spørsmål: Kor fornøgde er ungdom i Herøy med livet sitt – og korleis likar dei seg på skulen, i fritida, saman med vennene og i nærmiljøet? Kva bruker ungdom tida si til når dei ikkje er på skulen? Kor mange er med i idrett og andre organiserte aktivitetar? Korleis opplever dei unge foreldra sine? Er det mange som vert mobba av jamaldra? Kor mange av dei unge har erfaringar med alkohol, tobakk og narkotika? Dette er eksempel på tema som undersøkinga dekkjer.

Spørjeskjemaet

Spørjeskjemaet er lagt opp slik at ungdomane skal krysse av på ulike svaralternativ. Følgjande hovudtema inngår i undersøkinga:

1. Foreldre og vener
2. Skule og framtid
3. Fritid
4. Helse og trivsel
5. Tobakk og rusmiddel
6. Risikoåtferd og vald

Føresette som ønskjer det, kan få tilsendt heile spørjeskjemaet ved å kontakte KoRus Midt-Norge.

Personvernomsyn og etikk

Undersøkinga vert gjennomført som ei anonym undersøking. Det vil seie at det ikkje er mogleg å identifisere enkeltpersonar i dei svara som vert gjevne. Det er elevane sjølve som avgjer om dei vil vere med eller ikkje, men føresette kan reservere seg mot at deira barn deltek. Føresette som ikkje ønskjer at barnet deira skal delta, må seie frå til skulen før undersøkinga vert gjennomført. For at undersøkinga skal ha størst mogleg verdi, er det ein fordel at så mange som mogleg deltek.

Før undersøkinga vil alle føresette få tilsendt eit informasjonsbrev om undersøkinga. Ungdata vil også informere om undersøkinga på heimesidene sine (www.ungdata.no), og skulane er også oppmoda til å informere om undersøkinga på heimesidene sine.

De fleste spørsmåla i spørjeskjemaet omfattar tema som dei fleste synest er uproblematiske. For nokre kan enkelte spørsmål likevel vere litt vanskelege å svare på. Det vert difor informert om at ein kan hoppe over spørsmål ein ikkje ønskjer å svare på. Det vil også verte opplyst om moglegheita til å ta kontakt med sosiallærer, helsesøster, helsestasjon for ungdom eller Kross på halsen (hjelpetelefonen til Raudekrossen – tlf.: 800 333 21) dersom nokon ønskjer å snakke med vaksne etter å ha svart på undersøkinga.

Ungdomane deltek ved å logge seg inn på ei nettside med eit tilfeldig brukarnamn, som vert utdelt til dei som skal vere med i undersøkinga. Det er ingen koplingar mellom brukarnamn og kven som svarer, og det vert heller ikkje spurt om namn eller personnummer i sjølve spørjeskjemaet. Brukarnamn vert brukte fordi det sikrar at berre dei som får lov til å vere med på undersøkinga, kan delta, og at ingen svarer fleire gonger.

Alle svara vil verte handsama strengt fortroleg av NOVA, KoRus Midt-Norge og medarbeidarar i Conexus, som legg til rette for den elektroniske undersøkinga. Ingen i kommunen, korkje lærarar, tilsette i administrasjonen eller andre, vil få tilgang til svar som kan verte brukte til å identifisere kva enkeltpersonar har svart. Resultata vil verte offentleggjorde gjennom statistikk som viser korleis ungdomsgruppa som heilskap eller ulike undergrupper (f.eks. gutar og jenter) svarer.

NOVA er ansvarleg for undersøkinga og bruker Conexus til å samle inn og oppbevare data for analyse. Dei ferdige svara vil verte lagde inn i ein database som NOVA administrerer.

Kontaktinformasjon

Ved ytterlegare spørsmål om undersøkinga, ta kontakt med rådgjevar Erlend Thorup ved KoRus Midt-Norge (70 17 13 15 / erlend.thorup@rus-midt.no) eller kommunal kontaktperson for undersøkinga, folkehelsekoordinator Andreas Kvalsund, 70081384 / 90680145 / epost: andreas.kvalsund@heroy.kommune.no.




HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE
UTVIKLINGSAVDELINGA

Grunneigarar, offentleg mynde
lag og organisasjonar

Fosnavåg, des.2013

VARSEL OM OPPSTART AV OFFENTLEG PLANARBEID –

**«Detaljreguleringsplan for gnr. 60 bnr. 35 m.fl Myrabakken –
bustadfelt»**



Lokalisering av planområdet

DETALJREGULERINGSPLAN PBL § 12-3


MOLTUSTRANDA i HERØY KOMMUNE

Planarbeid

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.06.2008) vert det med dette varsla oppstart av offentleg planarbeid. Denne varslinga rettar seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Planområdet

Tiltaket gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område på Moltustranda i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag 58,5 daa. Plangrensa for området i nord vil bli tilpassa i løpet av planprosessen som følgje av det pågåande reguleringsplanarbeidet for ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 gjennom bygda og arbeidet med å finne ei ny framtidretta løysing for Nygjerdevegen som samleveg.



Føremålet med planarbeidet

Ein ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye byggjeklare bustadtomter, med tilhøyrande infrastruktur og naudsynt leikeareal innanfor planområdet.


Plangrepet må her sjåast på som ei fortetting av allereie utbygde bustadområde på Moltustranda, og reguleringsarbeidet vil såleis vere ei utnytting av ledige areal til bustadformål innanfor grensene fastsett i kommuneplanens arealdel frå 2004.

Formannskapet har i tidlegare vedtak gjeve rådmannen i oppgåve å starte reguleringsarbeid for nye bustadfelt på Moltu, og administrasjonen har over ei lengre periode vore i dialog med aktuelle grunneigarar for erverv av naudsynt areal til bustadformål og infrastruktur i området. Ein har no kome til semje med grunneigarar om avtalar for kjøp av areal som gir kommunen grunnlag for å starte opp prosessen med utarbeiding av reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda.

Reguleringsplanen skal danne grunnlaget for ei seinare utbygging av infrastruktur i området og skape ny byggeklare kommunale bustadtomter sentralt på Moltustranda.

Gjeldande planstatus for området

Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar innanfor aktuell plangrense.



Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2004 er bustadformål med krav om reguleringsplan før utbygging (plankrav). Dette krev at det skal utarbeidast reguleringsplan for større byggje- og anleggstiltak innanfor nærare bestemte områder.

Reguleringsplanar i området (gjeldande)

Det er ikkje andre godkjende reguleringsplanar i området som vert råka av dette planarbeidet. Det pågår ein prosess med utarbeiding av reguleringsplan for bygging av ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 gjennom Moltustranda. Denne planen vil ha relevans for dette planarbeidet.

Planprogram og konsekvensutgreiing (KU)

Planområdet ligg innanfor grensa for bustadområde i kommuneplanens arealdel frå 2004. Det aktuelle tiltaket med tiltenkte formål er difor i tråd med overordna arealplan. Planarbeidet er også vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Herøy kommune har konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Ein vurderer planarbeidet til ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som er tenkt i planomtalen. Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet.

Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.


Aktuelle arealformål og hovudprinsipp for planarbeidet

- Frittliggjande småhusbebyggelse (FS)
- Konsentrert småhusbebyggelse (KS)
- Leikeareal (L)
- Køyreveg (V)
- Annan veggrunn (AVG)
- Parkering (P)
- Gangveg og fortau (GV og F)
- Grønstruktur (FRI)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoer.

For bustadareala ser ein føre seg å regulere areala slik at det blir lagt til rette for eit variert bustadtilbod – med både tomte for einebustader (FS-areal) og fleirmannsbustader (KS-areal). Det vil vidare bli lagt til rette for leikeplassar som arena for barn- og unge sine interesser, men også vil dette vere sosiale møtestader for bustadfeltet.

For infrastrukturen ser ein føre seg eit hovudprinsipp med ein gjennomgåande samleveg, med tilhøyrande tilkomstvegar / bustadvegar til ei ulike tomtene. Det vil bli lagt til rette for bygging av fortau og areal til oppføring gatelys i området. Som ein del av planarbeidet vil ein også legge vekt på å løysingar som kan forbetre infrastrukturen for allereie etablerte bustader i området.



Prinsippkisse - framtidig arealutnytting i planområdet (raude linjer viser nye vegar)

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil i løpet av planprosessen få moglegheiter til å medverke i

planarbeidet. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet, må sende desse innspela skriftleg til Herøy kommune innanfor dei fristane som blir opplyst ved kunngjering. Innspela vil bli behandla av kommunen som ein del av planforslaget til politisk behandling. Det er tidlegare gjennomført eit ope informasjons- og medverknadsmøte i høve arbeidet med nytt byggefelt på Moltustranda.

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Utviklingsavdelinga (fagavdeling for planarbeid) i Herøy kommune. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3, og vil innehalde eit plankart, reguleringsføresegner og planomtale med vedlegg. Plandokumenta vil bli tilgjengelege elektronisk i etterkant av Formannskapet sitt vedtak om offentleg ettersyn / høyring. Dokumenta vil også kunne sjåast i papirformat ved Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus og ved Coop Marknad Moltu.

Dersom du har innspel til planarbeidet skal desse vere skriftlege og sendast til:

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

eller på e-post til: postmottak@heroy.kommune.no

Merk innspelet med tittelen; «**Detaljregulering for Myrabakken bustadfelt**»

Frist for innspel: **24.01.2014**

Spørsmål til planarbeidet skal rettast til underteikna

Med helsing

Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar
Tlf: 70081368

Vedlegg: Kart (A3-format) med plangrense i målestokk 1:1500

